

Saksbehandlar: Lars Hustveit, Næringsavdelinga
Sak nr.: 14/1329-54

Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane

Fylkesrådmannen rår Hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget vedtek verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane i samsvar med revidert plantekst. Viktige endringar som følgje av høyringsrunden ligg i saksframstillinga, kap. 4.
2. Fylkestinget føreset at det er utforma forpliktande partnerskapsavtalar når første handlingsprogram vert lagt fram i desember 2014.
3. Fylkestinget ber om at vidare arbeid med industristrategi og med landbruk som satsing vert lagt fram for planutvalet hausten 2014.

Vedlegg:

Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014 – 2025

Samandrag av høyringsfråsegnene

Høyringsfråsegnene

SAKSFRAMSTILLING

1 Innleiing

Framlegg til verdiskapingsplan har vore ute på høyring. Saka handlar om å vedta endeleg plan med dei endringane som vert tilrådde etter høyringsrunden.

Verdiskapingsplanen er utarbeidd med bakgrunn i vedteken planstrategi (FT-sakene 48/12 og 53/12) og planprogram vedteke av fylkesutvalet i sak 34/13. Fylkesutvalet la planen ut på høyring 26. mars 2014 (FU-sak 11/14).

Verdiskapingsplanen har formell status som regional plan etter plan- og bygningslova. Det inneber at planen «skal legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen». Lova føreset at dei som skal forpliktast av planen, har vore deltakarar i arbeidet. Ein regional plan skal følgjast opp med handlingsplanar som skal vedtakast av planstyresmakta.

Fylkespartnerskapen v/næringsforum har drøfta endringane som vert presenterte i denne saka i møte 6. mai 2014. Deltakarar i næringsforum har vore:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- NHO Sogn og Fjordane
- LO Sogn og Fjordane

- KS Sogn og Fjordane
- Høgskulen i Sogn og Fjordane
- NAV Sogn og Fjordane
- Innovasjon Norge Sogn og Fjordane.

2 Høyringsfråsegnene

2.1 Kven har gitt fråsegn?

Høyringsinstansane vart utfordra til å gje innspel på fritt grunnlag eller gjennom eit utforma spørjeskjema. Høyringsfristen var 11. april 2014. Det kom inn 41 fråsegnar, frå:

- *Innovasjon Norge (både styret og administrasjonen)*
- *Ungt entreprenørskap Sogn og Fjordane*
- *Reisemål Stryn og Nordfjord*
- *Fiskeridirektoratet region vest*
- *Kystverket – vest*
- *Opplæringskontoret for elektrofag i Sogn og Fjordane (NELFO)*
- *Førde industri- og næringsssamskipnad*
- *Septik 24*
- *HAFS regionråd*
- *Oppland fylkeskommune*
- *Gulen og Masfjorden Næringsråd*
- *Kystvegen Bergen – Ålesund*
- *Mattilsynet*
- *Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane*
- *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*
- *Sogn og Fjordane skogeigarlag*
- *Bremanger kommune*
- *Vaksenopplæringsforbundet i Sogn og Fjordane*
- *Fram Flora AS*
- *Gulen kommune*
- *Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening, Sør- og Vestnorge*
- *Maskinentreprenørenes Forbund avdeling Sogn og Fjordane*
- *Senterpartiet i Sogn og Fjordane*
- *Petroleumsrådet*
- *Vågsøy kommune*
- *Stadt skipstunnell*
- *«45-minuttsregionen»*
- *Forum for natur og friluftsliv, Sogn og Fjordane turlag og Naturvernforbundet*
- *Nordfjord Vekst*
- *Stryn kommune*
- *Aurland kommune*
- *Årdal kommune*
- *Hornindal kommune*
- *Vindkraftforum*
- *Sogn og Fjordane Bondelag*
- *Vestlandsforskning*
- *Sogn regionråd*
- *Sogn og Fjordane Venstre*
- *To privatpersonar (Reidar Brandsberg, Flora, Folkeuniversitetet og Jan Støfring, Naustdal).*

2.2 Samanfating av innspela i høyringsfråsegnene

Dette avsnittet er bygd på 37 høyringsinnspel og 4 høyringsmøte. Det er ei utfordring å referere alle innspela på ein god måte. Alle er difor tilgjengelege som vedlegg. Det er også laga eit eige samandrag av kvar fråsegn. Høyringsfråsegnene og –møta har ført til konkrete endringar i planen. I tillegg er dei verdifulle som impulsar for vidare arbeid.

Overordna spørsmål

Nokre kommenterer at overordna føringar som samfunnsansvar og berekraftig utvikling er for upresist omtala, og difor kan kome til å bety lite i praksis. Naturvernforbundet, Sogn og Fjordane turlag og Forum for natur og friluftsliv er krassast i kritikken; både i høve sjømatnæringa, fornybar energi og olje/gass. Fleire trekkjer fram at vidare volumauke innan laks og aure må skje først når miljøproblema er løyste.

Av dei overordna føringane er det målet om folketalsutvikling, vektlegging av ungdom som målgruppe og premissen om samfunnsansvar som oftast er kommentert. Dei fleste kommentarane er positive til desse føringane.

Fleire oppmodar fylkeskommunen om å framstille samanhengane til opplæring og samferdsle betre, og det vert stilt spørsmål om intern koordinering mellom dei regionale planane er god nok.

Mange kommunar peikar på at partnerskapsomgrepet omfattar fylkespartnerskapen og i for liten grad kommunane og regionråda. Fylkeskommunen, saman med fylkespartnerskapen, vert utfordra til å definere kommunane si rolle i arbeidet.

Det har og kome nokre kommentarar på at plandokumentet er for langt og for vanskeleg tilgjengeleg, men i hovudsak får dokumentet god mottaking.

Vurdering:

Kommentarane kan følgjast opp slik:

- Arbeide vidare med kriterium for samfunnsansvar og berekraftig utvikling som del av oppfølginga av verdiskapingsplanen.
- Arbeide vidare med effektive samarbeidsformer med kommunane. Dette krev tid ut over 2014.
- Ev. lage ein kortversjon av verdiskapingsplanen.

Politiske problemstillingar

Vi får positiv tilbakemelding på ambisjonen om å definere politiske problemstillingar, og med det få fram kva som er partnerskapsarbeid og kva som høyrer heime i politiske fora.

Kommentarar til overordna målformulering.

Mange av høyringsinstansane kommenterer ikkje målformuleringa. Nokre nøyer seg med å slutte seg til analysegrunnlaget. Dei fleste som kommenterer ambisjonen om netto 100 nye arbeidsplassar pr. år og meiner nivået er realistisk. Men nokre legg til: «kanskje litt forsiktig». Styret for Innovasjon Norge tykkjer målformuleringa er for forsiktig.

Mange meiner det er spesielt viktig å prioritere arbeidsplassar som er attraktive for ungdom.

Vurdering:

Teksten om netto arbeidsplassvekst på 100 vil sannsynlegvis bli betre forstått om planen uttrykkjer at det er trong for 500 nye arbeidsplassar for å dekke ein avgang på 400 årleg. Ei samla vurdering av høyringsfråsegnene tilseier inga endring på sjølvne nettotalet. Det er stor oppslutting om at arbeidet framover vert vurdert ut frå vekst i tal arbeidsplassar og som unge med god utdanning finn attraktive.

Kommentarar til arbeidet med nyskaping

Mange kommenterer at det er positivt med eit avsnitt der ikkje planlagde initiativ får merksemd. Poenget med tilrettelegging for nyskaping er det offentlege si evne til å reagere på gode initiativ meir enn på initiativ frå det offentlege. Høyringsrunden syner at skilnaden mellom reaktive (nyskaping) og proaktive (satsingane) arbeidsformer er for dårleg kommunisert.

Hovudinstrykket er at innhaldet i «tilrettelegging for nyskaping» er godt motteke. Mange legg vekt på at det må arbeidast med haldningar; det vert for ofte sett hindringar framfor moglege løysingar. Samanhengen arbeidsplassutvikling og attraktive bu- og arbeidsområde vert understreka. Fleire ber om tilrettelegging av anbudsprosessar slik at lokale leverandørar har sjanse til å nå opp.

Det er eit viktig å få utvikla samspelet mellom kommunane og fylkespartnarskapen innan mange av tema i «tilrettelegging for nyskaping». Styret for Innovasjon Norge skriv at kommunane si rolle må styrkast. Mange er opptekne av entreprenørskapsarbeidet og at næringsapparatet er profesjonelt og oversiktleg. Enkelte kommenterer at rolleavklaringar bør bli tydelegare, og at nyskaping er eit viktig arbeidsfelt for kommunane.

Gjennom spørjeundersøkinga (som 1/3 har brukt for å gi svar) fekk vi tilbakemelding på at godt fungerande bu- og arbeidsområde, og innovasjon i etablert næringsliv, var høgast prioritert offentleg innsats. I høyringsmøta trekte fleire fram entreprenørskapsarbeidet.

Vurdering:

Teksten i planutkastet får ikkje godt nok fram at «tilrettelegging for nyskaping» er formulert som alternativ til tradisjonelle satsingar. I oppfølginga må det arbeidast med retningsliner som syner korleis det offentlege både skal handtere gode initiativ og utvikle evna til å vere god hjelpar.

Det er framleis trong for å presisere rolledeinga mellom aktørar og i planen kan vi presisere:

- Effektivt arbeid krev også god evne til formalisert nettverksarbeid.
- Det offentlege kan vurdere å legge til rette anbod slik at lokale leverandørar lettare kan nå opp i konkurransen.

Prioritering av satsingar

Bondelaget, leiargruppa i Innovasjon Norge og Venstre er mellom fleire som spør om det gir kraft i arbeidet å ha så mange satsingar som planen legg opp til.

Det er ikkje tydelege signal om kva satsingar som er viktigast. Av bransjesatsingane kan vi spore ekstra støtte til å arbeide med fornybar energi og sjømatnæringar.

Fleire lanserer nye satsingar utan å prioritere vekk andre. Vi må kunne tolke dette som eit signal om at fylket har mange mulegheiter for arbeidsplassutvikling, og ei otte for at gode initiativ kan bli hindra dersom dei ikkje er prioriterte i planen. At det er lansert ei bransjenøytral satsing på kunnskap og tilrettelegging for nyskaping er kanskje ikkje kommunisert tydeleg nok.

På nokre høyringsmøte har det vorte drøfta om innsatsen bør vere næringsnøytral eller innretta mot bransjar. Tilbakemeldingane spriker og gir ikkje eintydige signal.

Innovasjon Norge drog opp ein viktig diskusjon om partnarskapen tydelegare bør prioritere verkemiddel retta inn mot nye kunnskapsbaserte tenesteytande næringar. Utgangspunktet er at innsatsen i større grad bør medverke til å utvikle arbeidsplassar

som er attraktive for ungdom. Tilbakemeldinga var nokså samstemt. Sogn og Fjordane sin sjanse ligg i kunnskapsbaserte tenestenæringar, i godt samspel med industrien og primærnæringane.

Vurdering:

Vert kommentert i kap. 3.1

Forslag til nye satsingar

Fylkesutvalet har bedt om strategi for industriutvikling. Dette vert understreka av Sogn regionråd, Årdal kommune og styret for Innovasjon Norge. Årdal kommune sender ved eit framlegg til industrisatsing. Fleire ønskjer næringsutvikling basert på mineralressursane. Ei satsing på kulturæringar har vore lite omtala.

Andre framhevar at tal satsingar der partnerskapen er involvert må avgrensast.

Vurdering:

Årdal kommune sitt notat om industrisatsing vert vurdert som innspel til vidare arbeid. Nye satsingar vert kommentert i kap. 3.1

Problemstillingar som er viktige «på tvers» av dei føreslegne satsingane.

Spørjeundersøkinga har eit avsnitt der ein vert bedne om å prioritere to av tema kunnskap, samferdsle, breiband/mobil og ressurs- og arealplanlegging slik at vi kan vere konkurransedyktige med landet elles. Samferdsle kjem her på topp. Utvikling av kunnskapsinstitusjonar og digital infrastruktur (særleg breiband) kjem likt ut.

Kystvegen vert løfta fram frå næringsmiljø og kommunar på kysten.

Når det gjeld utviklingsoppgåver på tvers av bransjar, så dominerer forskning og utvikling, utdanning (særleg teknologi) og utvikling av nettverk (der også offentlege styresmakter og forskingsmiljø deltek). Fleire har merka seg at samarbeid innan ein bransje bør bli betre og at arenabygging er ei viktig offentlig oppgåve. Gjennom eit forskingsprosjekt finansiert av fylkeskommunen og forskingsrådet, har Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane¹ gitt råd om arbeidet i innovative nettverk. Dei offentlege aktørane er her viktige arenabyggarar.

Vurdering:

Høyringsinstansane har merka seg at fylkestinget tek viktige avgjerder om samferdsle i saka om regional transportplan. Den saka som tydelegast vert løfta fram i høyringsrunden, er Kystvegen. I planutkastet er vegsamband nord-sør på kysten kommentert i avsnitt 6.4. Fråsegnene tilseier ikkje at teksten vert endra.

Arbeidet med utbygging av breiband får støtte frå svært mange.

Det offentlege si rolle som arenabyggar er understreka av fleire. Partnerskapen bør ta ut gevinstane frå den nemnde innovasjonsforskninga ved å lage verktøy for å analysere og forbetre det formaliserte nettverksarbeidet.

Kommentarar til satsinga på kunnskap

Mange ber oss vere presise når vi snakkar om «kunnskapsnæringar». Det er eit tydeleg signal om at både ferdigheiter og teoretisk kunnskap skal verdsetjast og at innovasjon lukkast best i skjeringpunktet mellom desse kunnskapsformene. I eit møte der

verdiskapingsplanen var tema vart følgjande lansert: «*Kompetanse = kunnskap x ferdigheiter x haldning*». Dersom ein av faktorane er lik 0, vil det ikkje eksistere kompetanse.

Fleire tek til orde for å auke statusen til fag- og yrkesutdanninga. Trong for fagfolk innan elektro vert trekt fram som kritisk for m.a. satsinga på fornybar energi. HAFS regionråd viser til sterk internasjonalisering og ønskjer at ei IB-lineⁱⁱ ved UWC vert prioritert.

Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane ber oss om å legge vekt på ny kunnskap og at dei er vårt nære forskingsmiljø. Dei kan også vere bru over til FoU-miljø nasjonalt og internasjonalt. I Nordfjord er fleire opptekne av at også Høgskulen i Volda må sjåast på som del av vårt nære forskings- og utdanningsmiljø. Marin forskning skjer i all hovudsak utanfor fylket.

Vurdering:

Innspela er i tråd med høyringsutkastet. Vi noterer oss for vidare arbeid at FoU-miljøa i Volda bør reknast som ein av våre nære FoU-institusjonar. Når det gjeld utvikling av FoU-institusjonane, er det viktig at fylkespartnarskapen er tydeleg på når vi samarbeider om å utvikle FoU institusjonar og når FoU-tilbydarar konkurrerer om oppdrag. Innovasjonsforskning åtvarar mot at utviklingsmiljø «låser seg» til nokre få lokale FoU-miljø. Gjennom handlingsprogrammet må partnarskapen synleggjere korleis vi kan medverke til å utvikle utdannings- og forskingsinstitusjonane både gjennom å finansiere viktig utvikling og ved å gjere institusjonane betre kjende.

Spørsmålet om ei eventuell IB-line ved UWC vert handsama i Fylkestinget i juni 2014 og vert derfor ikkje kommentert nærare i denne saka.

Kommentarar til satsinga på olje/gass.

Nokre få kommenterer at dette er ei næring på hell og at fylket heller bør satse på å ta ein posisjon innan fornybar energi. HAFS regionråd og Gulen kommune ønskjer at Sogn og Fjordane tek ein posisjon i opphogging av plattformer. Styret for Innovasjon Norge og HAFS regionråd er mellom fleire som peikar på at oljesatsinga gjeld heile fylket.

Petroleumsrådet tek på seg rolla i oppfølgingsarbeidet som er omtala i høyringsutkastet. Styret for Innovasjon Norge ber om at mandatet for Petroleumsrådet vert gjennomgått.

Vurdering:

Opphogging av plattformer bør vere ei oppgåve Petroleumsrådet inkluderer som tema for sitt arbeid. Sjømatnæringane ber om at slik aktivitet skjer på miljøforsvarleg vis. Det vert ikkje vurdert som viktig å endre mandatet for Petroleumsrådet.

Kommentarar til satsinga på fornybar energi.

Nokre tek til orde for at Sogn og Fjordane må ta posisjonen som «fornybarfylket». Det er ulike syn på korleis ei slik satsing skal avvegast mot andre næringsomsyn (reiseliv/fiskeri) og naturvernomsyn.

Fylkesmannen ønskjer at koplinga til planarbeidet for småkraft og vindkraft kjem tydelegare fram.

Vurdering:

ⁱ VRI-prosjektet «Innovation in rural places – conditions and barriers»

ⁱⁱ Ref.: politisk sak til Fylkestinget i juni 2014

Det bør formulerast i planen at Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging (vasskraftplanen) og Regional plan for vindkraft (vindkraftplanen) legg føringar for handsaming av vasskraft- og vindkraftutbygging i fylket.

Kommentarar til satsinga på sjømatnæringane.

Miljøutfordringane vert kommenterte. Nokre legg vekt på at vidare utvikling av havbruk må vere forsvarleg ut frå miljøomsyn. Andre meiner at vi gjennom verdiskapingsplanen medverkar til å overfokusere miljøproblema.

Vidaregåande opplæring er viktig for næringa. Dette er understreka av arbeidsgruppa som utarbeidde framlegget om sjømatnæringar. Fylkeskommunen vert beden om å satse meir på Måløy vidaregåande skule. Det er også innspel om å flytte havbruksutdanninga til Florø for å betre nærleiken til oppdrettsnæringa.

Vurdering:

Ulike gjennomgangar dei siste åra, sist i arbeidet med skulebruksplanen, har peika på kor viktig det er å samle det maritime opplæringsmiljøet ved Måløy vidaregåande skule. Det er delte syn på ansvaret for rekruttering til utdanning og dermed til næringa. Fleire ønskjer at det offentlege skal ta ei meir aktiv rolle.

Miljøutfordringane må takast alvorleg, og indikatorar for miljøutvikling bør inkluderast i arbeidet med utvikling av sjømatnæringane. Volumauke må skje på grunnlag av dokumentert kunnskap om miljøverknader.

Kommentarar til satsinga på reiseliv.

Reiselivskommunane understrekar kor viktig reiselivet er for sysselsettinga. I indre Sogn ber dei om at verdsarvstatusen vert brukt meir aktivt.

Reisemål Stryn og Nordfjord viser til at det er lite nytt i høve reiselivsplanen av 2010. Hovudpoenget har vore å inkludere denne sektorplanen i verdiskapingsplanen. Dette har høyringsinstansane sett og dermed brukar reiselivet lite tid på verdiskapingsplanen.

Vurdering:

Høyringsinstansane har registrert at reiselivsplanen no er inkludert i verdiskapingsplanen. Det er ingen grunn til å tolke få fråsegnar om reiseliv som uttrykk for at reiselivsutvikling er nedprioritert som utviklingsoppgåve. Resultatindikatorar må kome på plass.

3 Vurdering

3.1 Råd frå næringsforum basert på høyringsfråsegnene.

Det er nokre bodskapar som kanskje ikkje kjem godt nok fram. Næringsforum ønskjer difor at det vert laga ein kortversjon som m.a. får fram desse ambisjonane:

- Vridinga i verkemiddelbruken for å skape arbeidsplassar som er attraktive for godt utdanna ungdom. Få fram at dette gjeld både fagutdanna og akademikarar. Få fram kva industrien og primærnæringane tyder som grunnlag for ei slik vriding.
- Understreke samfunnsansvar/berekraft som premis.
- Få fram bransjenøytraliteten i Kunnskap og Nyskaping.
- Få fram karakteren til Nyskaping (evne til å vere god hjelpar / at planen har rom for initiativ utanom definerte satsingar).
- Nettverksaktivitet. Aktørane må bli meir synlege for kvarandre.
- Kommunane si rolle kan bli løfta fram i ein kortversjon.

Presiseringar og framlegg til endringar i del 1 «Verdiskaping»

Næringsforum tilrår at hovudmålet vert formulert om. Målformuleringa vert betre forstått dersom vi skriv at netto 100 nye arbeidsplassar truleg vil føresetje ca. 500 nye for å kompensere for dei som går ut.

Næringsforum har observert at det er ein viktig diskusjon om kva strategiar som krevst for å etablere attraktive arbeidsplassar for godt utdanna ungdom (både yrkesfagleg og akademisk). Næringsforum ønskjer at vidare analysearbeid kan medverke til stadig betre innsikt i dette spørsmålet.

Endringar som vert innarbeidde i verdiskapingsplanen går fram av kapittel 4; konklusjon.

Presiseringar og framlegg til endringar i del 2 «Tilrettelegging og satsingar»

Næringsforum legg til grunn at partnerskapsatsingar skal følgjast opp og at partnarane skal ha kapasitet til oppfølging. Næringsforum ønskjer difor ikkje fleire satsingar. Dersom fylkestinget ønskjer fleire satsingar, bør desse fremjast utan status som formell regional plan med forpliktande deltaking frå partnerskapen. Eventuelt bør nokre satsingar takast vekk for å få plass til nye.

Næringsforum ønskjer å arbeide med industri- og bergverk slik dette er kommentert nedanfor i avsnittet om «Vidare arbeid»

Næringsforum ønskjer å understreke kunnskapsatsinga som viktig. Dette må inkludere ein ambisjon om å utvikle kunnskapsinstitusjonane i fylket.

Endringar som vert innarbeidde i verdiskapingsplanen går fram av kapittel 4; konklusjon.

Framlegg til endringar i del 3 «Vidare arbeid»

Næringsforum uttrykkjer her følgjande (endra tekst til kap. 13.2 og 13.3):

- Eit avsnitt om analysearbeid og vidare strategiutvikling, der m.a. arbeidet med landbruksnæringa, industri og bergverk, kartlegging av mineralressursane og kulturæringane er omtalte. Næringsforum føreslår at vidare arbeid med landbruk og industri vert lagt fram for planutvalet 15. oktober 2014.
- Lista over kva instansar som skal delta i det meir operative arbeidet er teken ut. Partnerskapen bør utforme formelle avtalar om iverksettingsarbeidet hausten 2014. Deltakinga vert avklara som del av denne prosessen. Kriteriet for deltaking er at partnarane har tilgang til verkemiddel eller representerer brukargrupper.
- Næringsforum vurderer det som viktig at forpliktande samarbeid med kommunane kjem på plass. Ein ønskjer avtalar knytt til konkrete oppgåver og ønskjer derfor ikkje å tidfeste når avtalane skal vere på plass.
- Handlingsplanen for 2015 vert utvikla for dei satsingane (ev. del av satsing) som er moglege med omsyn til personell og finansiering.
- Årsplanlegginga og ein framdriftsplan for arbeidet etter 2014 er skissert.

Næringsforum formulerer sitt ansvar for oppfølging slik:

- Sjå til at prioritert innsats vert retta inn mot felles mål.
- Vurdere om det er nødvendig med kursjustering pga. skifte i omgivnadene.
- Vurdere om det undervegs er trong for utvikling av nye felles retningslinjer fordi partnerskapen arbeider for lite koordinert.
- Tilrettelegge for politisk arbeid.
- Implementere lærdom og løysingar frå det felles utviklingsarbeidet i ordinær drift hos ein eller fleire av partnarane.
- Vurdere om felles arbeid er fornuftig organisert.

- Gi prioritert arbeid ekstra status og tyngde.

3.2 Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen sluttar seg til hovudtrekka i vurderingane frå næringsforum. I tillegg ønskjer fylkesrådmannen å understreke:

- Arbeidsplassveksten i Sogn og Fjordane er svakare enn i landet elles fordi vi har ein stor del næringer som reduserer tal tilsette. Vi har ein næringsstruktur som er ugunstig i høve målet om arbeidsplassvekst. Den framtidige veksten i Sogn og Fjordane må skapast gjennom at mange av lokalsamfunna greier å bli attraktive for folk og næringsliv gjennom eiga kraft. Verkemiddelpolitikken i fylket må bli vridd mot arbeidsplassvekst i dei ekspansive tenestytande næringane.
- Partnerskap som strategi er heilt avgjerande innan arbeidsfeltet verdiskaping. Forpliktande partnerskapsavtalar er ikkje på plass. Fylkestinget bør stille krav om at avtalar om iverksetting kjem på plass i arbeidet med handlingsprogrammet.
- Vi må ta på alvor kritikk frå ulike hald om at utviklingsarbeid i for stor grad har handla om fordeling av økonomiske ressursar og i for liten grad om å nå mål. Partnerskapen må nytte det samla handlingsrommet der utvikling av kunnskap, effektiv organisering og praktisering av regelverk er verkemiddel på lik line med dei finansielle.

Gjennom arbeidet initiert i regional planstrategi har vi evna å sjå samanheng mellom transportinfrastruktur, opplæringsinfrastruktur og mål om verdiskaping og arbeidsplassvekst. Samhengane kan i framtida gjerast enno tydlegare. Dette gjeld også for fylkeskommunen sin del

Verdiskapingsplanen skal vere eit verktøy, og er utforma med slikt føremål. I tillegg er det viktig å informere. Vi bør difor utforme ein kortversjon av planen.

4 Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at verdiskapingsplanen vert vedteken med dei endringane som er formulert og tekne inn i revidert plantekst. Utanom språklege justeringar er dei viktige endringane som følgjer:

Kapittel	Endring
4 Mål	Hovudmålet er endra frå netto 100 nye arbeidsplassar til brutto 500 nye arbeidsplassar. Realiteten i målformuleringa er ikkje endra.
5 Strategi og suksessfaktorar	Formalisert samarbeid med kommunane er understreka som suksessfaktor.
6 Ansvar m.m.	Under figuren er skilnaden mellom nyskaping, kunnskap og bransjesatsingane presisert.
6.4.1 Kunnskaps- infrastruktur	Følgjande kulepunkt er sett inn: Partnerskapen utviklar dei nære forskingsinstitusjonane ved å bruke dei. Dette gjeld særskilt Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane, men også Bioforsk og Høgskulen i Volda.
7 Nyskaping	Overskrifta «Tilrettelegging for nyskaping» vert endra til «Nyskaping, evne til å fange opp gode initiativ» slik at overskrifta betre får fram essensen i arbeidsområdet. Kortforma er framleis «Nyskaping».
7.1.3 Off. sektor	Eit kulepunkt vert lagt til: Vi må utforme vurdere anbod slik at lokale leverandørar lettare kan nå opp.

7.4.3 Verkemiddel- politikk	Eit kulepunkt er omformulert slik at verdien av formaliserte nettverk er tydelegare understreka.
8.3 Kunnskap	Følgjande formuleringar er sett inn: <ul style="list-style-type: none"> - <i>Innleiande tekst</i>: Det er særleg viktig at næringslivet vert betre kjende med forskings- og utdanningsmiljøa i regionen. Dei nære forskingsmiljøa må ta ei tydeleg rolle som «bru» ut mot nasjonale og internasjonal forskning. - <i>Politisk problemstilling</i>: Det vert signalisert frå regjeringa ønskje om større universitets-høgskule einingar. Vi må overvake kva konsekvensar dette får for nærleik forskning – arbeidsliv.
9.1 Fornybar energi	I avsnittet «stort potensiale innan vasskraft og vindkraft»: Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging (vasskraftplanen) og Regional plan for vindkraft (vindkraftplanen) legg føringar for handsaming av vasskraft- og vindkraftutbygging i fylket.
9.3 Fornybar energi	Det viser seg at vi må arbeide meir med å plassere ansvar for heile satsinga og delane av satsinga.
10.2 Sjømat- næringar	Målformuleringa vert kommentert slik: Det vert føresett at volumauke skjer basert på dokumentert kunnskap om kva naturmiljøet toler. Næringa må ta eit stort finansieringsansvar for å løyse problema med lus, sjukdom og rømming. Det offentlege må ta ansvar for arealtilgang basert på god kunnskap om lokale tilhøve. Det må vurderast insentiv for å regulere areal, til dømes arealavgifter.
11.3 Reiseliv	Måleindikatorar er ikkje på plass
12.1 Olje og gass	Måleindikatorar er ikkje på plass. Det er lagt til slik formulering: Det vert føresett at petroleumsrelaterte inkluderer opphogging av utrangerte plattformer. Aktiviteten må tilfredsstille strenge miljøkrav.
13.2	Kapitlet «Frå strategiarbeid til iverksetjing» er i stor grad skrive om slik at iverksettingsarbeidet kan setjast i gang straks planen er vedteken.
13.3	Kapitlet «Partnerskapsavtalar og vidare framdrift» er i stor grad skrive om. Grunngeving som ovanfor.